



ØSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Heradsstyret



Møtedato:	12.06.2024
Møtetid:	16:00-19:30
Møtestad:	Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Lars Fjeldstad	Ordfører	SP
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Gerd Karin Njaastad	Medlem	SP
Johannes Haugland	Medlem	SP
Janne Daltveit Tveit	Medlem	SP
Frode Flesland	Medlem	SP
Herdis Helle	Medlem	AP
Geir Olsen	Medlem	AP
Bjarte Hammer Aarland	Medlem	KRF
Roy Håkon Jenssen	Medlem	SV
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Sigmund Arve Faugstad	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP
Ruben Nielsen	Medlem	FRP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Aksel Mjøs	Medlem	H
Roald Waldemar Martinsen	Medlem	H
Renathe Tangen	Medlem	V
Roy Husebø	Medlem	INP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Ann Kristin Borge	Medlem	AP

Johannes O Borge	Medlem	H
Helene Oppedal Flølo	Medlem	FRP
Kurt Ove Øksnes	Medlem	FRP
Helge Valestrand Edvardsdal	Medlem	SP
Jarle Skeidsvoll	Medlem	KRF
Trygve Tønnessen	Medlem	INP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Ingunn Vedå	Kurt Ove Øksnes	FRP
Kjellaug Hartveit	Helge Valestrand Edvardsdal	SP
Kari Foseid Aakre	Ann Kristin Borge	AP
Ann Kristin Åkerlund Riise	Jarle Skeidsvoll	KRF
Ann Helen Solberg	Helene Oppedal Flølo	FRP
Tor Georg Hella	Johannes O Borge	H
Stian Torp	Trygve Tønnessen	INP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Politisk sekretær

Kommunedirektøren

Kommunalsjefen for samfunnsutvikling

Møteprotokoll er publisert på kommunen sin nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS 46/24	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 47/24	Godkjenning av møtebok 12.06.2024
PS 48/24	Referatsaker og meldinger
<i>RS 44/24</i>	<i>Løypemelding Utstyrssentral</i>
<i>RS 45/24</i>	<i>Protokoll frå representantskapsmøte IKTNH 31.05.2024</i>
<i>RS 46/24</i>	<i>Protokoll Representantskap 1-2024 Region Nordhordland Helsehus IKS 31.05.2024</i>
<i>RS 47/24</i>	<i>Protokoll Representantskap 1-2024 Region Nordhordland IKS 31.05.2024</i>
PS 49/24	Årsrekneskap og årsmelding 2023
PS 50/24	Revidert investeringsbudsjett 2024
PS 51/24	Tertialrapport 1.tertial 2024
PS 52/24	Planstrategi 2024 - 2027
PS 53/24	Forskrift om skulekrinsar i Osterøy kommune
PS 54/24	Alkoholpolitisk handlingsplan 2024-2028
PS 55/24	Folkehelseoversikt 2023 - 2024 for Osterøy kommune
PS 56/24	Retningslinjer for etablering av flyktningar
PS 57/24	Val av representant for Osterøy kommune i representantskap for Syns- og audiopedagogisk tjeneste Vestland -Kommunalt oppgavefellesskap (SAPT Vestland)
PS 58/24	Vestlandsrevisjon IKS - Godkjenning av revidert selskapsavtale og val av varamedlem
PS 59/24	Opptak av ny deltakarkommune i BOF
PS 60/24	Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Lars Fjeldstad

Ordfører

PS 46/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 46/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Ordføraren varsla sak om mogleg delegering av mynde til valnemnda, for val av meddommarar, til slutten av møte.

Herdis Helle (AP) har sendt inn eit spørsmål i forkant av møte som vert teken i slutten av møte.

Sebastian Haugland (H) har sendt inn 2 spørsmål i forkant av møte som vert teken i slutten av møte.

Stian Torp (INP) varsla sak om kommunale bygg til slutten av møte.

Venstre, Høgre, FrP og InP varsla krav om 6 saker på sakslista til neste møte i heradsstyret i samsvar med kommunelova § 11-3 1. ledd, siste setning, og reglement for Osterøy heradsstyret § 10, 4. ledd. Dette er sakene:

- Vedlikehaldsplan kommunale vegar
- Oppdatering av plankartet i kommuneplanen sin arealdel.
- HELT MED-kommune
- Status på kommunedelplan for vassforsyning
- Evaluering av garantiordning ved overtaking av fastlegeheimlar.
- Kartlegging av skulevegar.

Vedtak i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 46/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

PS 47/24 Godkjenning av møtebok 12.06.2024

Handsaming i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 47/2024 Godkjenning av møtebok 12.06.2024:

Det var ingen merknader til møtebok

Vedtak i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 47/2024 Godkjenning av møtebok 12.06.2024:

Møtebok frå 15.05.2024 vert godkjend.

PS 48/24 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 48/2024 Referatsaker og meldinger:

Det var ingen merknader til referatsakene

Vedtak i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 48/2024 Referatsaker og meldinger:

Referatsakene vert tekne til vitande.

PS 49/24 Årsrekneskap og årsmelding 2023

Handsaming i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 49/2024 Årsrekneskap og årsmelding 2023:

Tilleggsforslag frå Alexander Thunestvedt (AP) og Geir Olsen (AP)

Sjukefråværet i kommunen skal opp som sak i neste møte i administrasjonsutvalet.

Voting

Forslaget er einstemmig vedteke

Innstilling frå formannskapet

Årsmelding og rekneskap for 2023 vert godkjent slik dei ligg føre. Meirforbruket på 22,4 mill. vert foreslått dekt inn med bruk av disposisjonsfondet.

Voting

Forslaget er einstemmig vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 49/2024 Årsrekneskap og årsmelding 2023:

Årsmelding og rekneskap for 2023 vert godkjent slik dei ligg føre. Meirforbruket på 22,4 mill. vert foreslått dekkja inn med bruk av disposisjonsfondet.

Sjukefråværet i kommunen skal opp som sak i neste møte i administrasjonsutvalet

PS 50/24 Revidert investeringsbudsjett 2024

Handsaming i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 50/2024 Revidert investeringsbudsjett 2024:

Nytt forslag frå Roald Martinsen (H)

Nye investering til gymbygg på Valestrand skule og ny heis til Osterøytunet blir teken ut av investeringsbudsjettet og blir gitt full vurdering ifm budsjettet for 2025.

Votering

Totalt 10 stemmer for, 17 stemmer mot.

Stemde for parti: Frp (6 stemmer), H (3 stemmer), V (1 stemma)

Stemde mot parti: SP (7 stemmer), AP (4 stemmer), INP (2 stemmer), KrF (2 stemmer), SV (1 stemme), H (1 stemma)

Stemde for personar: Ann Helen Solberg (Frp), Ingunn Vedå (Frp), Kim Andre Hartveit (Frp), Ragnar J Tyssebotn (Frp), Ruben Nielsen (Frp), Sigmund Arve Faugstad (Frp), Roald Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Tor Georg Hella (H), Renathe Tangen (V)

Stemde mot personar: Alexander Thunestvedt (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Kari Foseid Aakre (AP), Aksel Mjøs (H), Roy Husebø (INP), Stian Torp (INP), Ann Kristin Åkerlund Riise (KrF), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Roy Håkon Jenssen (SV)

Innstilling frå formannskapet

Investeringsbudsjettet for 2024 ramma si vert auka med 2 400 000,- Auken i investeringsbudsjettet med kr. 2 400 000,- blir finansiert med eit låneopptak (nye lån) på kr. 962 500,-.

Votering

Forslaget er einstemmig vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 50/2024 Revidert investeringsbudsjett 2024:

Investeringsbudsjettet for 2024 ramma si vert auka med 2 400 000,- Auken i investeringsbudsjettet med kr. 2 400 000,- blir finansiert med eit låneopptak (nye lån) på kr. 962 500,-.

PS 51/24 Tertialrapport 1.tertial 2024

Handsaming i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 51/2024 Tertialrapport 1.tertial 2024:

Tilleggsforslag frå Roy Håkon Jenssen (SV)

I barnehagebruksplanen vart det vedteke ein barnehagestruktur som det i ettertid ikkje har vorte noko av. Det vart vedteke at ein ny barnehage skulle byggjast på Rundhovde, at barnehagen på Hauge ikkje skulle utvidast, og at barnehagen på Valestrand skulle haldast open til ein ny barnehage er bygd på Rundhovde. Sidan dette vart vedteke har situasjonen endra seg ein del. Dei private som skulle byggja barnehage har stadfesta at dei ikkje kjem til å byggja, og me ser at eit fleirtal av søkjarar på Hauge barnehage ikkje får førstevalet sitt på grunn av manglande plass. Kommuneøkonomien har også vorte stadig meir vanskeleg, og eg trur ikkje heradstyret kan unna seg å gi slepp på dei 1.3 millionane i forventa innsparing forslaget til barnehagebruksplanen la opp til i 2022. Me vil derfor be om ein ny analyse og utgreiing frå administrasjonen for å kartleggja behovet til kommunen så me kan ta avgjerder på eit godt kunnskapsgrunnlag.

Administrasjonen skal greia ut og analysa dei ulike forholda som spelar inn rundt ein optimal barnehagestruktur på Osterøy for å kunna sikra ein barnehagestruktur som samsvarer med behovet til kommunen og kommuneøkonomien. Heradstyret blir informert om funn som kan vera nyttige for barnehagestrukturen i kommunen.

Voting

Totalt 19 stemmer for, 8 stemmer mot.

Stemde for parti: SP (4 stemmer), AP (4 stemmer), H (4 stemmer), INP (2 stemmer), KrF (2 stemmer), SV (1 stemme), V (1 stemme), Frp (1 stemma)

Stemde mot parti: Frp (5 stemmer), SP (3 stemmer)

Stemde for personar: Alexander Thunestvedt (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Kari Foseid Aakre (AP), Sigmund Arve Faugstad (Frp), Aksel Mjøs (H), Roald Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Tor Georg Hella (H), Roy Husebø (INP), Stian Torp (INP), Ann Kristin Åkerlund Riise (KrF), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Gerd Karin Njaastad (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Roy Håkon Jenssen (SV), Renathe Tangen (V)

Stemde mot personar: Ann Helen Solberg (Frp), Ingunn Vedå (Frp), Kim Andre Hartveit (Frp), Ragnar J Tyssebotn (Frp), Ruben Nielsen (Frp), Frode Flesland (SP), Johannes Haugland (SP), Kjellaug Hartveit (SP)

Tilleggsforslag frå Frode Flesland (SP)

Til neste møte legg administrasjonen fram oversikt over kva tiltak det vert arbeid med – og kva effektar det vil gje på årsresultat 2024. Administrasjonen skisserer også mogelege omprioriteringar som kan gje reduksjon i aktivitetsnivået for å oppnå framtidig budsjettbalanse.

Voting

Forslaget er einstemmig vedteke

Innstilling frå formannskapet

Økonomirapport pr. 1.tertial 2024 vert teken til vitande.

Votering

Forslaget er einstemmig vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 51/2024 Tertialrapport 1.tertial 2024:

Økonomirapport pr. 1.tertial 2024 vert teken til vitande.

Til neste møte legg administrasjonen fram oversikt over kva tiltak det vert arbeid med – og kva effektar det vil gje på årsresultat 2024. Administrasjonen skisserer også moglege omprioriteringar som kan gje reduksjon i aktivitetsnivået for å oppnå framtidig budsjettbalanse.

I barnehagebruksplanen vart det vedteke ein barnehagestruktur som det i ettertid ikkje har vorte noko av. Det vart vedteke at ein ny barnehage skulle byggjast på Rundhovde, at barnehagen på Hauge ikkje skulle utvidast, og at barnehagen på Valestrand skulle haldast open til ein ny barnehage er bygd på Rundhovde. Sidan dette vart vedteke har situasjonen endra seg ein del. Dei private som skulle byggja barnehage har stadfesta at dei ikkje kjem til å byggja, og me ser at eit fleirtal av søkjarar på Hauge barnehage ikkje får førstevalet sitt på grunn av manglande plass. Kommuneøkonomien har også vorte stadig meir vanskeleg, og eg trur ikkje heradstyret kan unna seg å gi slepp på dei 1.3 millionane i forventa innsparing forslaget til barnehagebruksplanen la opp til i 2022. Me vil derfor be om ein ny analyse og utgreiing frå administrasjonen for å kartleggja behovet til kommunen så me kan ta avgjerder på eit godt kunnskapsgrunnlag.

Administrasjonen skal greia ut og analysera dei ulike forholda som spelar inn rundt ein optimal barnehagestruktur på Osterøy for å kunna sikra ein barnehagestruktur som samsvarer med behovet til kommunen og kommuneøkonomien. Heradstyret blir informert om funn som kan vera nyttige for barnehagestrukturen i kommunen.

PS 52/24 Planstrategi 2024 - 2027

Handsaming i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 52/2024 Planstrategi 2024 - 2027:

Endringsforslag frå Herdis Helle (AP)

Forslag om revisjon av KDP, eventuelt ny områdeplan for Hauge, vert teke ut frå det som vert send på høgring. Spørsmålet og problembeskrivinga kan utstå til eventuell revisjon av planstrategi, etter at arealplan er vedteken.

Votering

Totalt 4 stemmer for, 23 stemmer mot.

Stemde for parti: AP (4 stemmer)

Stemde mot parti: SP (7 stemmer), Frp (6 stemmer), H (4 stemmer), INP (2 stemmer), KrF (2 stemmer), V (1 stemme), SV (1 stemma)

Innstilling frå formannskapet

Planstrategi for Osterøy kommune 2024 – 2027 vert send på offentlig høgring og lagt ut på kommunen si nettside slik han ligg føre. Rapporten vert overført til kommunen sin mal for rapportar.

Votering

Forslaget er einstemmig vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 52/2024 Planstrategi 2024 - 2027:

Planstrategi for Osterøy kommune 2024 – 2027 vert send på offentlig høgring og lagt ut på kommunen si nettside slik han ligg føre. Rapporten vert overført til kommunen sin mal for rapportar.

PS 53/24 Forskrift om skulekrinsar i Osterøy kommune

Handsaming i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 53/2024 Forskrift om skulekrinsar i Osterøy kommune:

Innstilling frå kommunedirektøren

Forskrift om skulekrinsar i Osterøy kommune vert vedteke slik forskrifta ligg føre.

Votering

Forslaget er einstemmig vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 53/2024 Forskrift om skulekrinsar i Osterøy kommune:

Forskrift om skulekrinsar i Osterøy kommune vert vedteke slik forskrifta ligg føre.

PS 54/24 Alkoholpolitisk handlingsplan 2024-2028

Handsaming i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 54/2024 Alkoholpolitisk handlingsplan 2024-2028:

Utsetjingsforslag frå Bjarte Hammer Aarland (KrF)

Alkoholpolitisk handlingsplan vert prolongert og ny handsaming vert sett til etter handsaming av ruspolitisk handlingsplan og plan for psykisk helse og rus, tentativt vår 2025. Eksisterande løyvehavarar får forlengt løyva tilsvarsande.

Votering

Totalt 6 stemmer for, 21 stemmer mot.

Stemde for parti: KrF (2 stemmer), AP (1 stemme), H (1 stemme), SV (1 stemme), V (1 stemma)

Stemde mot parti: SP (7 stemmer), Frp (6 stemmer), AP (3 stemmer), H (3 stemmer), INP (2 stemmer)

Stemde for personar: Herdis Helle (AP), Aksel Mjøs (H), Ann Kristin Åkerlund Riise (KrF), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Roy Håkon Jenssen (SV), Renathe Tangen (V)

Stemde mot personar: Alexander Thunestvedt (AP), Geir Olsen (AP), Kari Foseid Aakre (AP), Ann Helen Solberg (Frp), Ingunn Vedå (Frp), Kim Andre Hartveit (Frp), Ragnar J Tyssebotn (Frp), Ruben Nielsen (Frp), Sigmund Arve Faugstad (Frp), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Tor Georg Hella (H), Roy Husebø (INP), Stian Torp (INP), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Tilleggsforslag frå Geir Olsen (AP)

Det blir sett som vilkår for skjenkjeløyve, at innehavar må sørgja for at lønnsvilkåra minst skal vera i samsvar med det som er allmenngjort minstelønns satsar innanfor overnatting, servering og catering. Konsekvensen ved brot på denne regelen er inndraging av skjenkjeløyve.

I tillegg ønskjer me at kommunestyret legg inn to nye kulepunkt – Kontroll med skjenkestader

- Skjenkestedets har plikt til å ha minst eitt verneombod der det er krav om det.
- Følgje dei allmenngjorte minstelønnsreglane som kjem fram av forskrifta, som er allmenngjord for utelivsbransjen i Noreg.

Votering

Totalt 25 stemmer for, 2 stemmer mot.

Stemde for parti: SP (7 stemmer), Frp (5 stemmer), AP (4 stemmer), H (3 stemmer), INP (2 stemmer), KrF (2 stemmer), SV (1 stemme), V (1 stemma)

Stemde mot parti: H (1 stemme), Frp (1 stemma)

Stemde mot personar: Sigmund Arve Faugstad (Frp), Roald Martinsen (H)

Innstilling frå formannskapet

Alkoholpolitisk handslingplan 2024-2028 vert vedteke slik han ligg føre med endringar markert i raudt og gult og slikt tillegg: Nytt avsnitt under 2.7: Unntak for dette gjeld for lokale produsenter ved sal i og ved produksjonslokale.

Votering

Forslaget er einstemmig vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 54/2024 Alkoholpolitisk handlingsplan 2024-2028:

Alkoholpolitisk handslingplan 2024-2028 vert vedteke slik han ligg føre med endringar markert i raudt og gult og slikt tillegg: Nytt avsnitt under 2.7: Unntak for dette gjeld for lokale produsenter ved sal i og ved produksjonslokale.

Det blir sett som vilkår for skjenkeløyve, at innehavar må sørgja for at lønnsvilkåra minst skal vera i samsvar med det som er allmenngjort minstelønns satsar innanfor overnatting, servering og catering. Konsekvensen ved brot på denne regelen er inndraging av skjenkeløyve.

I tillegg ønskjer me at kommunestyret legg inn to nye kulepunkt – Kontroll med skjenkestader

- **Skjenkestedets har plikt til å ha minst eitt verneombod der det er krav om det.**
- **Følgje dei allmenngjorte minstelønnsreglane som kjem fram av forskrifta, som er allmenngjord for utelivsbransjen i Noreg.**

PS 55/24 Folkehelseoversikt 2023 - 2024 for Osterøy kommune

Handsaming i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 55/2024 Folkehelseoversikt 2023 - 2024 for Osterøy kommune:

Innstilling frå formannskapet

Folkehelseoversikt 2023 – 2024 vert vedteke slik han ligg føre.

Rapporten vert overført til kommunen sin mal for rapportar.

Votering

Forslaget er einstemmig vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 55/2024 Folkehelseoversikt 2023 - 2024 for Osterøy kommune:

Folkehelseoversikt 2023 – 2024 vert vedteke slik han ligg føre.

Rapporten vert overført til kommunen sin mal for rapportar.

PS 56/24 Retningslinjer for etablering av flyktningar

Handsaming i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 56/2024 Retningslinjer for etablering av flyktningar:

Endringsforslag frå Roy Håkon Jenssen (SV)

Osterøy kommune har sagt seg villige til å verna og å vareta eit visst talet på flyktningar, og det er frå statleg hald ei forventning om at me skal få desse flyktningane ut i arbeid innan rask tid. Då må me som kommune gi dei så gode føresetnader som mogleg for å kunna tileigna seg dette arbeidet. Stønadssatsane desse flyktningane får er lågare enn det me definerer som låginntekt i Noreg, og då er det naturleg at dei vil prioritera andre ting enn tannhelse og syn når dei får inn pengar. Dette er prioriteringar som kan forverra eksisterande tilstandar over tid og som kan senka livskvalitet betrakteleg. Det er ikkje i denne saka gitt tal på kor mykje kommunen forventar å spara på dette tiltaket, men etter det me kan sjå frå årsrekneskapen var dette ein budsjettpost som i stor grad gjekk i balanse i fjor, men der ein forventar å ha meirforbruk som følgje av ventestønader i år. Me kan ikkje sjå det tilstrekkeleg grunngav frå sakspapira at dette er nødvendige kutt og at kutta ikkje vil vera til hindring for integreringsarbeidet eller moglegheitene flyktningane vil ha til å kunna byggja seg gode kvardagar og å tileigna seg arbeid. Me veit heller ikkje kor lenge krigen i Ukraina kjem til å vara, og det verkar for oss mogleg at dette forslaget vil påverka folks kvardag og livskvalitet over fleire år dersom det går gjennom.

Foreslått endring: Dagens rett til stønad til optikar og tannlegehjelp for flyktningar med kollektivt vernebehov blir halden ved like.

Voting

Totalt 3 stemmer for, 24 stemmer mot.

Stemde for parti: KrF (2 stemmer), SV (1 stemma)

Stemde mot parti: SP (7 stemmer), Frp (6 stemmer), H (4 stemmer), AP (4 stemmer), INP (2 stemmer), V (1 stemma)

Innstilling frå formannskapet

Retningslinjene vert vedteke slik dei ligg føre.

Voting

Forslaget er einstemmig vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 56/2024 Retningslinjer for etablering av flyktningar:

Retningslinjene vert vedteke slik dei ligg føre.

PS 57/24 Val av representant for Osterøy kommune i representantskap for Syns- og audiopedagogisk tjeneste Vestland - Kommunalt oppgavefellesskap (SAPT Vestland)

Handsaming i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 57/2024 Val av representant for Osterøy kommune i representantskap for Syns- og audiopedagogisk tjeneste Vestland -Kommunalt oppgavefellesskap (SAPT Vestland):

Innstilling frå valnemnd

Heradsstyret vel *Lars Fjeldstad* som representant og *Alexander Thunestvedt* som vararepresentant til representantskap for Syns- og audiopedagogisk teneste Vestland - Kommunal oppgavefellesskap (SAPT Vestland).

Heradsstyret har ikkje kandidat til styret i SAPT Vestland.

Votering

Forslaget er einstemmig vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 57/2024 Val av representant for Osterøy kommune i representantskap for Syns- og audiopedagogisk tjeneste Vestland -Kommunalt oppgavefellesskap (SAPT Vestland):

Heradsstyret vel *Lars Fjeldstad* som representant og *Alexander Thunestvedt* som vararepresentant til representantskap for Syns- og audiopedagogisk teneste Vestland - Kommunal oppgavefellesskap (SAPT Vestland).

Heradsstyret har ikkje kandidat til styret i SAPT Vestland.

PS 58/24 Vestlandsrevisjon IKS - Godkjenning av revidert selskapsavtale og val av varamedlem

Handsaming i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 58/2024 Vestlandsrevisjon IKS - Godkjenning av revidert selskapsavtale og val av varamedlem:

Innstilling frå kommunedirektøren

Revidert selskapsavtale som ligg vedlagt saka, vedteke av representantskapet 22.03.2024, vert vedteke.

Votering

Forslaget er einstemmig vedteke

Innstilling frå valnemnd

Osterøy kommune vel Turid Bjørndal Njåstad som 2. vara til representantskapet

Votering

Forslaget er einstemmig vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 58/2024 Vestlandsrevisjon IKS - Godkjenning av revidert selskapsavtale og val av varamedlem:

Saksprotokoll Vestlandsrevisjon IKS - Godkjenning av revidert selskapsavtale og val av varamedlem.

Osterøy kommune vel Turid Bjørndal Njåstad som 2. vara til representantskapet.

PS 59/24 Opptak av ny deltakarkommune i BOF

Handsaming i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 59/2024 Opptak av ny deltakarkommune i BOF:

Innstilling frå formannskapet

Heradsstyret i Osterøy kommune gir med dette tilslutninga si til at Voss herad blir ny deltakar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefellesskap med verknad frå 01.01.2025.

Den nye deltakarkommunen sitt ansvar og forpliktingar følgjer av samarbeidsavtalen og lov om kommunar og fylkeskommunar (LOV-2018-06-22-83 frå 01.01.2020 «kommunelova»)

Votering

Forslaget er einstemmig vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 59/2024 Opptak av ny deltakarkommune i BOF:

Heradsstyret i Osterøy kommune gir med dette tilslutninga si til at Voss herad blir ny deltakar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefellesskap med verknad frå 01.01.2025.

Den nye deltakarkommunen sitt ansvar og forpliktingar følgjer av samarbeidsavtalen og lov om kommunar og fylkeskommunar (LOV-2018-06-22-83 frå 01.01.2020 «kommunelova»)

PS 60/24 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Handsaming i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 60/2024 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Herdis Helle (Ap) hadde slikt spørsmål:

Eigedommane 137/11, 137/51, 137/36, 137/72, 137/10, 137/14 på Valestrand, har angiveleg problem med overvatn frå Bullaåsen og den avgravde tomten under (Tribunebakken(Tribuneparken?). Ein av eigedommen skal ha fått deler av grunnen under huset vaska bort og hol på kloakkledning som følgje av dette.

Er kommunedirektøren kjent med den påståtte problematikken, er det eventuelt vurdert å gjere tilsyn knytt til om ansvarleg prosjekterande/utførande og tiltakshavar har oppfylt bestemmelsar i plan- og byggesak relatert til overvannsproblematikk i feltet/på den avgravde tomte og er det mogeleg å pålegge retting/tiltak om slike føresegner skulle vise seg å ikkje vere oppfylt/tilstrekkeleg godt etterlevd?

Kommunalsjefen for samfunnsutvikling svarte slik på vegne av kommunedirektøren:

Ja, vi er kjend med den påståtte problematikken.

Osterøy kommune har motteke krav frå nokre grunneigarar i Åsen på Valestrand, som opplever å få mykje overvatn på sine eigedomar. Grunneigarane syner til at mengda overvatn har auka dei siste åra og at det vert gjort store skadar på deira eigedomar. Grunneigarane meiner at problema skuldast overvatn frå eigedomane på oppsida av Åsen, den såkalla «Tribunetomta» og bustader i bustadområdet i Bullaåsen.

Status i byggesaka er at bustadene i Bullaåsen er ferdig utbygd og har fått ferdigattest frå kommunen, dei fleste for meir enn 12 år sidan. Det har ikkje vore sett som aktuelt å gjennomføre tilsyn etter plan- og bygningslova på desse eigedomane.

Den såkalla Tribunetomta er derimot ikkje ferdig utbygd. Det har vore gitt byggeløyve og noko arbeid er gjort på tomte, men byggeløyvet er no gått ut på dato. Utbyggar må difor søke på nytt dersom tomte skal byggast ut. Byggesaksavdelinga har sendt ut varsel til utbyggar om å sikre tomte i mellomtida fram til nytt byggeløyve vert gitt, og det vert arbeidd med dette i det vidare.

Sikring er eit mellombels tiltak. Når det gjeld kommunen sin moglegheit til å pålegge meir permanente tiltak for å bøte på problem med overvatn, så er det frå 1. januar 2024 ein ny heimel i plan- og bygningslova som gir ei slik moglegheit. Dette er plan- og bygningslova §31-14. Denne regelen gir kommunar moglegheit til å pålegge grunneigarar å syte for forsvarleg handtering av overvatn frå eigen eigedom, dersom dette vil avverje eller avbøte skade på annan eigedom. Regelen er ny, og kommunen kjenner ikkje til at regelen er nytta av andre kommunar enno. Regelen er ikkje ein pliktregel, og det er difor opp til kommunalt skjøn om ein ønskjer å nytte denne moglegheita.

Kommunedirektøren må gjere fleire vurderingar og undersøkingar i saka før ein kan ta stilling til om ein kan nytte kommunalt mynde til å pålegge grunneigarane i området tiltak og

kostnader i samband med dette. Kommunedirektøren vil også peike på at det i fyrste rekke er grannelova som regulerer denne type saker. Grannelova er ei privatrettsleg lov, som regulerer tilhøva mellom granneeigedomar. Skader som følgje av overvatn er i fyrste rekke ei sak som må handterast mellom private grunneigarar etter grannelova. Kommunedirektøren arbeider vidare med saka, og tek sikte på å ikkje bruke for lang tid før ein kan konkludere i saka.

Sebastian Haugland (H) hadde slike spørsmål:

1. I formannskapsmøte 29. mars i fjor, i sak 022/23 "Andre saker/spørsmål" la Høgre fram følgjande framlegg til vedtak: "Osterøy formannskap ber Osterøy kommune om å avklara grunneigartilhøve i området på Tysse som er avgrensa av elva i vest, Tyssevika (fjorden) i nord, fylkesvegen i sør, og bygning nummer 175950206 i aust."

Framlegget var samrøystes vedteke av formannskapet, men i dag, vel eitt år seinare, kan me ikkje sjå at avklaringa er utført. Til dømes er Kartverket sitt kart (norgeskart.no) det samme no som i fjor. Kan me få ei oppdatering på arbeidet i møtet 12. juni og ei forklaring på kvifor det dreg ut i tid?

2. Kan «Moglegstudie Osterøhallen» med ENØK-tiltak, som blei bedt om i 2021, delast med heradsstyre eller formannskapet som ei referatsak? Grunngevinga er at det er av interesse for alle folkevalde å bli kjent med kva tiltak er moglege for både Osterøyhallen og andre kommunale bygg.

Kommunalsjefen for samfunnsutvikling svarte slik på vegne av kommunedirektøren:

1. Tysse ferjekai har eit uoversiktlig grenseforløp og eigarforholda er uklare. Kommunen kan ikkje bestemme korleis desse tilhøva skal være, det er det opp til partane å bli samde om.

Kommunen gjennomførte oppmålingsforretning på Tysse ferjekai den 17.10.2023. Der møtte dei fleste partane, og dei fekk lagt fram sitt syn (ref. protokoll frå møtet). Forretninga vart avslutta utan at partane vart einige om eigarforhold og grenser.

Partane har no meldt sak inn for jordskifteretten, dette er registrert i matrikkelen den 04.01.2024.

2. Ja.

Vi har påbegynt ei referatsak, men diverre rakk vi ikkje ferdigstille den i tide til møta no i juni. Det vil bli lagt fram ei sak i første møte etter sumaren.

Stian Torp (INP) hadde slik merknad:

I samband med eit dugnadsprosjekt i Haus bhg, der er sitt i samarbeidsutvalet, notert eg meg kor dårleg forfatning eit kommunalt bygg kan vere. Alder på bygget står ikkje i stil med tilstanden og etterslepet på vedlikehald. Internkontrollen på bygningsmassane i kommunen må verte betre. Arbeidsoppgåvene og fordelinga av dei til vaktmeisterane må verte betre.

Ein må sjå på moglegheita for strakstiltak for å betra tilstanden på dei kommunale bygga. Kan kommunen til dømes vurdere ein rammeavtale med vaktmeistereneste eller handtverkere for å handtera etterslep og heilt nødvendig vedlikehald.

Ordføraren sette fram slikt forslag:

Heradsstyret delegerer mynde for val av meddommarar for perioden 2025-2028 til valnemnda.

Votering:

Forslaget er einstemming vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 12.06.2024 av sak 60/2024 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Heradsstyret delegerer mynde for val av meddommarar for perioden 2025-2028 til valnemnda.